

Alver kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 11.03.2020  
Vår ref.: 202002976-2  
Arkiv: 311  
Dykkar dato: 02.03.2020  
Dykkar ref.: 20/5404

Sakshandsamar:  
Idun Nessestrand Vefring

## NVE si uttale - Søknad om lukking av bekk på GBnr 227/4 - Molvik - Alver kommune

NVE syner til brev dagsett 06.03.20, der Alver kommune ynskjer uttale på omsøkt bekkelukking.

### Bakgrunn for saka

Nils Movik søker om å lukke fire korte strekk i det søkar definerar som flaumbekkar.

Føremålet med lukkinga er å betre forholda for eksisterande produksjon av frukt og bær på garden. Eit EU regulativ sett krav om 30 meter «vernesone» til vatn. Innanfor denne sona kan det ikkje nyttast noko form for plantevernemidlar (også økologisk godkjente midlar).

Dei aktuelle strekka er på 40m, 28m, 31m, og 13m. Dei to siste strekka vert tolka av kommunen som bekkar utan årsikker vassføring.

### NVE si uttale

§2 i vassressurslova definerer vassdrag som alt stillestående eller rennande overflatevatn med årsikker vassføring, med tilhøyrande botn og breidder inntil høgaste vanlege flaumvatn. Sjølv om eit vassdrag på enkelte strekningar renn under jorda eller under isbrear, reknast det i sin heilskap som vassdrag. *Som vassdrag reknast og vassløp utan årsikker vassføring dersom det skil seg tydeleg frå omgjevnadane.*

Ut frå kart kan det sjå ut til at strekka på 40 meter og 28 meter er del av eit større vassdrag. Strekka på 13 meter kan sjå ut til å skilje seg tydeleg frå omgjevnadane, det same kan sjå ut til å vere tilfelle for strekka på 31 meter.

På generelt grunnlag bør bekkelukking unngåast. Bekkar skapar variasjon i landskapet, og mange plantar og dyr er knytt til dei. Bekkane har både grunna vasspegel, og vegetasjon, verdi for både det biologiske mangfaldet, og for natur- og kulturlandskapet. Vidare bidreg opne bekkar til reduksjon av forureining nedstraums.

Opne bekkar gir vanlegvis mindre fare for flaumskadar, av di dei normalt har større kapasitet til å leie flaumvatn enn røyr, og av di dei gir betre moglegheit til kontrollere avrenning i flaumsituasjonar. Dette kan vere verdt å merke seg då søkar definerer bekkane som flaumbekkar.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

#### Hovedkontor

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### Region Midt-Norge

Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

#### Region Nord

Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

#### Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### Region Vest

Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

#### Region Øst

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Om kommunen tillet lukking, er det viktig at alternative flaumvegar er sikra. Tiltakshavar må dokumentere at røyra er dimensjonert for stor flaum, og tiltakshavar må sjå til at det er alternative, sikre vegar for flaumvatnet når røyret går fult, slik at det ikkje oppstår skadar. Inntaket bør vere sikra med rist utforma slik at dei ikkje vert tilstoppa av rek og lausmassar under flaum. Etter vassressurslova § 47 kan skadar på andre eigedomar som følgje av feil utforming og/eller manglande vedlikehald, medføre erstatningskrav.

Vi vil og minne om at lukka bekkar krev areal, då det ikkje må etablerast bygg over lukka bekkar. Det er tiltakshavar som ev. er ansvarleg for ev drift og vedlikehald av tiltaka.

**NVE vurderer at tiltaket ikkje treng ytterlegare handsaming etter vassressurslova.**

### **Generell informasjon**

I vassressurslova kap. 2 er det gjeve ålmenne reglar om tiltak i vassdrag. NVE syner særskilt til tiltakshavar sitt forvaltaransvar og plikt til aktsemd i vassressurslova § 5. Paragrafen gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggjast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for ålmenne og private interesser.

NVE gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det syner seg at ålmenne interesser kan verte påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. I slike tilfelle må plan for tiltaket sendast NVE for ny vurdering.

NVE kan med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting for utførte vassdragstiltak som i ettertid vert vurdert som konsesjonspliktige etter vassressurslova. Iverksetjing av konsesjonspliktige tiltak utan naudsynt løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

NVE minner om at tiltaket må avklarast i høve anna relevant regelverk som t.d. plan- og bygningslova og naturmangfaldslova.

Tiltakshavar kan verte ansvarleg for eventuelle skader og ulemper på ålmenne og private interesser som fylgjer av tiltaket, jf. vassressurslova § 47.

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Idun Nessestrand Vefring  
avdelingsingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

